

Vellukka kamp mot kystbjørnekjeks

30.06.2011



Kjell Yri fører kampen mot kystbjørnekjeks vidare

Tromsøpalma i Uskedalen er ikkje tromsøpalme, men kystbjørnekjeks. Den er ikkje så giftig som tromsøpalma og kjempebjørnekjeks, som den er slekt med. Men den kan verka sterkt hudirriterande i sollys og har kravd lkonsultasjon av lege på grunn av forbrenning. Difor pågår kampen mot kystbjørnekjeks her i Uskedalen kvar einaste sommar, også denne sommaren.



..som vart innleia for 4 år sidan

Den vart innleia for 4 år siden, i Stølavikjo og langs grusbana, der det var ein rein palmejungel einskilde stader.

Våpna i kampen var ikkje berre stutturv-ljå men også gifta roundup og det var løyva 3000 SMIL-kronar til kampen. Kjell Yri og planteekspert Kåre Haugse leia kampen som gjekk ut på å fjerna mest mogeleg av den 2-årige planta for å hindra spreiiing av frøa.

Mindre enn eit år etter såg ein resultat av kampen og sidan har spesielt Kjell og Dag Hhermansen ført kampen vidare. Den har vore vellukka, det kan ein også sjå ved samanlikning av bilete.

Ein viktig erfaring har vore at det ikkje er nødvendig med giftbruk fordi planta er toårig. Ho dør ut hvis ein hindrar ho i å bera frø. Men ein må ikkje forsømme 'slåtten' som hindrar frøspreiing.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen